

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Olje- og Energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

Fana, 19.5.2014

## Klage på konsesjon til Krossdalselva kraftverk i Jondal

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) vil med dette påklaga tilrådinga frå Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) til Olje- og Energidepartementet (OED) om å gje konsesjon til utbygging av Krossdalselva kraftverk i Jondal kommune.

Naturvernforbundet Hordaland mottok brevet frå NVE med melding om resultatet av småkraftpakken på Folgefonnhalvøya den 29. april 2014. Ettersom det er ein klagefrist på 3 veker i slike saker, sender vi denne klagen no, og på følgjande grunnlag:

- (1) I grunngjevinga frå NVE side 53 er Brattabøelva, Krossdalselv og Grimeelva sett under eitt når det gjeld omsynet til den truga naturtypen bekkekløft. NVH vil påpeika at Brattabøelva og Krossdalselva er deler av nedbørsfeltet til Jondalselva mens Grimeelva høyrer til eit heilt anna nedbørsfelt, nemleg Storelvi i Herand, som ligg mykje lenger nord. Desse to vassdraga kan ikkje samanliknast. Ut frå omsynet til samla belastning i Jondalselva bør difor skadene på bekkekløftene i Krossdalselva tilleggjast større vekt enn NVE har gjort. Dersom registreringa hadde vart lenger og kanskje til andre årstider, så er det gode sjansar for at ein hadde registrert raudlista artar også her. NVH vil påpeika at sjølv om det ikkje er påvist raudlista artar, så er det potensial for slike, og at bekkekløfter i seg sjølv er ein truga naturtype.
- (2) På side 54 i NVE si vurdering vedgår ein at den sterkt reduserte vassføringa i Krossdalselva vil påføra skader på den truga flaumavhengige naturtypen gråor-heggeskog på Gjølvi. Likevel ser NVE bort frå dette, sidan det er så høg minstevassføring (12% i sommarsesongen og 3% i vintersesongen (oktober-mai)), og at det framleis vil gå flaumar der. Dette er ein udokumentert påstand. Det heiter vidare at det ikkje er påvist raudlista moseartar her, men konsulentrapporten viser at det ligg til rettes for at det fins slike, sidan det er registrert eit høgt artsmangfald. Elles gjeld det same her som for bekkekløfter at det er naturtypen i seg sjølv som er truga, og at når ein ikkje har nok kunnskap, så bør førevar prinsippet følgjast.

- (3) Det er nemnt at Lauvbrufossen er eit viktig landskapselement som aukar opplevingsverdien av området. Men det ser ikkje ut til at NVE tek konsekvensen av det og tillegg det noko vekt i sin konklusjon. Bortfall av over 70% av vassføringa i elva vil redusera opplevingsverdien, noko NVE har lagt stor vekt på i andre av dei 13 vassdraga i Folgefonnpakka.
- (4) Bortfall av over 70% av vassføringa vil gje dårlegare vilkår for fisken i elva, og det vile vera vanskelegare å utvikla nye fiskestammar som kan gjera det meir attraktivt å fiska her, og øydeleggja for det arbeidet som blir gjort for å oppnå dette
- (5) Det er nemnt at det fins to gamle restaurerte kvernhus på garden Drebrekke, der eigarane prøver å livnæra seg ved gardsturisme. Men NVE har ikkje registrert at ein del av opplevingsverdien av denne garden er at kvernhuset er restaurert med tanke på at det skal vera i drift som eit kvernhus og dokumentera korleis folk malte kornet og livnærte seg i tidlegare tider. Ein så stor reduksjon som utbygginga medfører dvs. over 70% i sommarsesongen, vil langt på veg fjerna grunnlaget for denne turistsatsinga. Omsynet til kulturminne blir tillagt stor vekt og er ein av grunnane til avslaget på konsesjonssøknaden for eit anna av dei 13 småkraftverka, nemleg Sævarhagen kraftverk.
- (6) Omsynet til samla belastning gjeld generelt om denne delen av Jondal kommune. Når no både Brattabøelva, Vassendaelva og Krossdalselva får konsesjon, og nær 50% av Krossdalselva frå før er overført til Mauranger, så er det ingenting igjen i denne delen av Jondal kommune som ikkje er utbygd.

### Konklusjon

Ut frå dei seks punkta som er nemnt ovanfor ber Naturvernforbundet Hordaland om at NVE endrar vedtaket sitt og i tilråd Olje- og Energidirektoratet å avslå søknaden om konsesjon på Krossdalselva kraftverk.

Fana/Bergen, 19.5.2014

For Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme  
leiar

Oddvar Skre  
saksbehandlar